



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

31.03.2022

Vår ref:

2021/2342

Dykkar dato:

Dykkar ref:

202010491

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Att.Rune Moe

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om mellombels avvik frå manøvreringsreglement - Eiriksdal og Makkoren kraftverk i Høyanger

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til søknaden om avvik frå manøvreringsreglementet for Eiriksdal og Makkoren kraftverk.

Vi viser til oversendinga 14. mars i år som gjeld høyring av søknad om mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Eiriksdal og Makkoren kraftverk. Det blei gitt tilsvarande løyve i fjor, men til ein anna tid på året, og med eit anna omfang.

Vår vurdering

Føremålet er å kunne utføre nødvendig vedlikehald på kraftverksinstallasjonar. Avviket vil føre til at minstevassføringskravet på 250 l/s frå Makkoren kraftverk til Høgsvatn ikkje kan oppfyllest. Tiltaket er planlagt i perioden 2.-8. mai, men tiltakshavar ønskjer fleksibilitet på grunn av arbeid i høgfjellet.

For å avgrense eventuelle konsekvensar for fisk og anna vassfauna, bør tiltaket gjennomførast medan det er ei viss avrenning frå restfeltet. Vi reknar uansett med at eventuelle konsekvensar for fisk vil vere mellombelse.

Med helsing

Silje Elvatun Sikveland
rådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Høyanger kommune

Postboks 7900
Postboks 159

5020
6991

BERGEN
HØYANGER

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvaltaren.no/vl
Org.nr. 974 760 665